

Årsmøteprotokoll 4H Hordaland 2024

Søndag 11.februar, Øystese. Kl. 09.30-15.00

Opning

- Ordfører Jostein Ljones ønska velkommen til årsmøte, og informerte om programmet.
- 4H-lovnaden i plenum.
- Presentasjon av fylkesstyret.

Sak 1. Namneopprop

Tal røysteføre: 58

Tal observatørar/gjester: 89

Totalt 147 deltakarar

Tal klubbar representert: 27 av 35

Meir enn 1/3 av dei røysteføre i fylket var til stades på fylkesårsmøtet.

Vedtaka på årsmøtet er derfor gjeldande.

Vedtak: På årsmøtet 2024 møtte 58 med stemmerett og 89 utan stemmerett, totalt 147 personar.

Votering: Samrøystes vedtatt

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Lagt fram av Jostein Ljones

87 Camilla Solberg: Det manglar representantar til landsmøtet på Innkalling og saksliste.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste med endring i punkt 18 val.

Votering: Samrøystes vedtatt

Sak 3. Godkjenning av forretningsorden

Vedtak: Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.

Samrøystes godkjent

Sak 4. Val av sekretærar og teljekorps

Lagt fram av Jostein Ljones

Vedtak: Årsmøtet vel Turid Sandstad Herland og Helene Stråtveit som sekretærar.

Årsmøtet vel Tuva Helland, Ingrid Tveite og Åsmund Flatnes Skarveland som teljekorps.

Samrøystes godkjent

Sak 5. Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen

Lagt fram av Jostein Ljones

Vedtak: Årsmøtet vel Brita Karoline Børve Ringheim og Camilla Solberg til å skrive under protokollen

Samrøystes godkjent

Sak 6. Årsmelding 2023

- Lagt fram av Agnete Flatnes Skarveland

87 Camilla Solberg, Lystig 4H: side 9, manglar Voss 4H-nemnd ved Ragnhild Hauge Helland

20 Helene Stråtveit, Bordalen 4H: manglar i representasjon side 18-19:

- 14.09. 2023: Digitalt møte for hovudkomité Landsleir 2024. Leif-Helge Molvik, Turid S. Herland, Synne Røthe Sandal deltok
- Endring: Digitalt klubboppfølgingsmøte var 11.09.2023.
- Endring: Leif-Helge Molvik og Synnøve Jørgensen deltok på samling for hovudkomité 27.- 29. oktober.
- 6. november: Digitalt møte i hovudkomité Landsleir 2024. Synne Røthe Sandal og Leif-Helge Molvik deltok.
- 21. november: Digitalt møte i hovudkomité Landsleir 2024. Janniche Næss Bergås og Leif-Helge Molvik deltok.
- 19. desember: Digitalt møte i hovudkomité Landsleir 2024. Synne Røthe Sandal og Leif-Helge Molvik deltok.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmelding 2023

Samrøystes godkjent med endringar og tillegg

Årskavalkade i bilete:

- Ansvar: Synleggjeringsgruppa v/ Synne Røthe Sandal og Janniche Næss Bergås

Sak 7. Rekneskap 2023, revisormelding og uttale frå kontrollutvalet

Lagt fram av Janniche Næss Bergås

Endring i årsresultat. Kr. 25 000 blir ført over til 2024: Landsleir 2024. Dette fører til eit årsresultat på kr. 198 781.

58 Magnus Ringheim, Hårteigen 4H. Forslag: Ønskjer å ha ei kolonne for fjorårets rekneskap til samanlikning med årets rekneskap.

Samrøystes vedteke.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskap for 2023 med endring av årsresultat til kr. 198 781.

Revisormelding og uttale frå kontrollutvalet.

Samrøystes vedteke

Sak 8. Generaldebatt

Lagt fram av Synne Røthe Sandal og Vilde Sylta Kvamme

Spørsmål til debatten:

- Korleis skal 4H Hordaland sine promoteringsklede sjå ut?

15 Tuva Helland, Bordalen 4H vil ha joggebukser med kløver på.

154 Vinjar Vrålstad-Hole, Vennskapporten 4H vil ha t-skjorte, grå med grøn 4H logo på brystet og teksten «4H Hordaland» under. Shorts mørkeblå med grøn logo. Skyggelue/kaps grå med lilla detaljar med logo framme og Hordaland bak. Hettejakker svarte, med grøn logo og «Hordaland» nede bak slik at det ikkje vert dekka av hetta.

11 Hjalmar Ølvestveit, 4H Hordaland, mitt eige forslag ikkje fylkesstyret sitt. Enten t-skjorte eller genser med bilete av fylke /kartet og skrifta «4H Hordaland».

- Fylkesleir: deltaking, innhald, dato og varigheit

160 Synnøve Stokken, Øvrebygda 4H: 5 dagar i starten av august, sjølvvald aktivitet, gruppeaktivitetar, volleyball/tau/trekking og tur.

43 Andreas Ølvestveit, H.A.N.S.A.: 4-5 dagar er ei god løysing. Ein dag med fjelltur for alle.
10 Steffen Stråtveit, personleg meining: Me har nå fylkesleir over 4 dagar, få deltakarar.
1 Janniche Næss Bergås: Er einig med Andreas om konseptet fylkesleir. Viktig å snakke positivt om landsleir heile året. Fylkesleiren blir litt gløymt.
15 Tuva Helland, Bordalen 4H: Me vil ha det over fleire dagar. Tida går vekk til reising.
87 Camilla Solberg, Lystig 4H: Fleire dagar fordi ein distriktsleir er over 3 dagar, landsleir 7. Fylkesleir over 5 dagar er midt i mellom.
7 Sofie Ljones, Fylkesstyret: Skal den vera 5 dagar blir det fem dagar i staden for 4 for arrangøren å fylla. Er det kapasitet til dette?
20 Helene Stråtveit, Bordalen 4H: 5 dagar i august.
6 Ordførar Jostein Ljones: Trur det er leirkulturen me må byggja.
15 Tuva Helland, Bordalen 4H: Vil gjerne ha det tidlegare på året. Handball/fotballcup i juli/august.
73 Venke Ølvestveit, Lauvsprett: Startar leiren torsdag kan du komma fredag, for du går ikkje glipp av noko. Startar den onsdag går du glipp av heile torsdagen.
17 Hilda Jordalen, Bordalen 4H: Ønskjer ikkje at fylkesleiren startar den dagen skulen sluttar før sommarferien.
15 Tuva Helland, Bordalen 4H: Pris ikkje for høg.
1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Hugs å søkja om støtte og spons, slik klarar me halda avgifta nede.
97 Sigurd Lorvik Hansen, Odda 4H; Fleire klubbar må arrangere leir og kurs saman.

Sender innspela vidare til fylkesstyret, slik at dei kan jobba vidare med dette.

Sak 9. Årsplan 2024

Lagt fram av Hjalmar Ølvestveit

160 Synnøve Stokken, Øvrebygda 4H: Inviterer Hardangerklubbane til distriktsleir 7.-9. juni.
140 Stein Arve Fagerholt, Team Flatøy 4H: Inviterer også klubbar frå Hardanger til distriktsleir på Flatøy 31. mai- 2. juni.
15 Tuva Helland, Bordalen 4H: Juniorsprellet 26. januar stod det at dei måtte ha med 2 vaksne, trudde det var pr. klubb gjorde at våre ikkje melde seg på. Skriv tydeleg krav til vaksne pr. deltakarar.
1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Trivselsagentsamlinga skal vera 3. april sidan det er planleggingshelg for Landsleir 2024 den 5.-7. april.
97 Sigurd Lorvik Hansen, Odda 4H: Forslag om nattcup.
1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Eg er med på nattcup, men gjerne frå 2025 for fylkesstyret sin del.
11 Hjalmar Ølvestveit, H.A.N.S.A. Har lyst til å prøva å få det til, vil diskutera det med H.A.N.S.A om dei vil arrangera det i år.
57 Brita Karoline Børve Ringheim, Hårteigen 4H: Har volleyballturnering på årsplanen. Pleier å invitera klubbane i Sørfjorden, kan utvida. I tilfelle så er det 2. mars i Kinsarvik.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsplanen for 2024.

Samrøystes vedteke

Sak 10. Budsjett 2024

Lagt fram av Janniche Næss Bergås

73 Venke Ølvestveit, Lauvsprett 4H: Saknar rekneskap 2023 for samanlikning. Kor mange deltakarar skal me planlegga for? Storkurs 200, blir 50, stor nedtur. Skal me planlegga for litt færre og kanskje klarar me å hosta opp ekstra plassar eller så er det fullt. Redaksjonell endring – ha med både fjorårets budsjett og rekneskap i presentasjonen av saka til neste år.
43 Andreas Ølvestveit, H.A.N.S.A. : Underskot 97.000. Kva er det me investerer i?

1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland, underskotet på 97.000 er fordi i 2023 fekk me god hjelp frå prosjektstøtte, det får me ikkje i 2024. Landsleiren får, men ikkje 4H Hordaland. Ynskjer å bruka pengar på å reisa og besøka klubbar (nystarta), Leif-Helge og Turid, ingen fylkesleir som ville generert inntekt. Alle pengane blir brukt på klubbane.

39 Jens Håkon Birkeland, H.A.N.S.A. Er ein del av underskotet driftsutgifter, eller er det investeringsmidlar som gir underskotet? Dette har innverknad på framtidige budsjett.

1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Godt spørsmål, Me har dei personalkostnadane me har, og dei må betalast. Samtidig er planen å søkja prosjektmidlar til store prosjekt. Treng det for å få økonomien for å gå rundt.

7 Sofie Ljones, 4H Hordaland: Leif-Helge Molvik er tilsett for å søkja prosjektmidlar, men me tør ikkje budsjettera med inntekter frå dette.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2024.

Samrøystes vedteke

2 frå Odda reiste. Sigurd overtok stemmerett. 57 med stemmerett.

Sak 11. Førebels årsplan 2025

Lagt fram av Synne Røthe Sandal

125 Marta Espeland Riise, Skare 4H: Ber om å få bytta fylkesleir mot distriktsleir.

147 Åshild Matre, Uren Luren 4H: Me trekk oss som distriktsleirarrangør for Sunnhordland.

97 Sigurd Lorvik Hansen, Odda 4H: Kan me arrangera Nattvolleyballturnering?

57 Brita Karoline Børve Ringheim, Hårteigen 4H: Vi ser først korleis årets cup fungerer.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner førebels årsplan for 2025.

Førebels årsplan 2025 samrøystes vedteken

Sak 12. Førebels budsjett 2025

Lagt fram av Janniche Næss Bergås

87 Camilla Solberg, Lystig 4H: Kvifor så høge tal på post 5000 lønn, 7390 matutgifter og 7430 avgitt bidrag?

154 Vinjar Vrålstad-Hole, Vennekapsporten 4H: Kva inngår i 3230 prosjektmidlar, 3260 deltakaravgifter og 3900 andre inntekter.

43 Andreas Ølvestveit, H.A.N.S.A. :3910 momskompensasjon 200 000 kr. meir i 2025 enn i 2024 og 2026. Kvifor?

Svar frå 1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: 5000 Lønn: 2 ansatte. 7390 Mat: Fleire arrangement og fleire deltakarar. Mat har blitt dyrare. 7430 Avgitte bidrag og tilskot – tilskot til fylkesleirarrangør. USA-utveksling i 2025 der fylkesstyret kan støtta dei som reiser. 3230 Prosjektmidlar: Me søkjar om dette kvart år frå blant anna stiftingar, bankar, og fylke. 3260: Deltakaravgift: vil ha fleire på arrangement, to nye klubbar og medlemsauke ser ein positiv trend. 3900 Andre inntekter: Ønskjer fleire lokale sponsorar. 3910 Momskompensasjon er høg i 2025 på grunn av Landsleir 2024.

43 Andreas Ølvestveit, H.A.N.S.A. : Vil det seie at utan momspengane hadde me gått med eit underskot på 100 000? Har fylkesstyret tenkt noko på dette?

Svar frå 1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Me er avhengig av prosjektmidlar for å behalda Leif-Helge som ansatt.

96 Leif-Helge Molvik, Molvik 4H-gard/ Ostereidet 4H: 7790 andre kostnader frå 0 til 150 000.

Svar frå:1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Med prosjekt vil me få fleire uforutsette kostnader.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner førebels budsjett 2025.
Samrøystes vedteke

Sak 13. Førebels årsplan 2026
Lagt fram av Agnete Flatnes Skarveland

Vedtak: Årsmøtet godkjenner førebels årsplan 2026.
Samrøystes godkjent.

Sak 14. Førebels budsjett 2026
Lagt fram av Janniche Næss Bergås

43 Andreas Ølvestveit H.A.N.S.A.: Er med på å bruke midlar til tilsetressursar i 2024 og 2025, men er det mogleg over fleire år? Kan fleire ansatte generera eit overskot i framtida? Svar frå 1 Janniche Næss Bergås, 4H Hordaland: Usikkert så langt fram i tid, men me ønskjer å ta risikoen. Det er ein langsiktig plan både for å behalda Leif-Helge og auka medlemsmassen i fylket.

43 Andras Ølvestveit, H.A.N.S.A.: Oppmodar om at om det er fleire langsiktige planar, så hadde det vore kjekt om det vart teke opp i årsmøte.

7 Sofie Ljones, 4H Hordaland: Har ikkje dei konkrete planane no, men styret fortset med planlegginga utover våren. Kjem tilbake til det neste år.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner førebels budsjett for 2026.
Samrøystes vedteken

Sak 15. Tilsetjing av revisorar
Lagt fram av valkomiteen v/ Elisabeth Haagensen
Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Revisor: Gjermund Stuve attval for 1 år

Vara-revisor: Lars J. Rydland attval for 1 år

Sak 16. Innkomne saker
Lagt fram av Jostein Ljones
Det er ingen innkomne saker

Sak 17. Uttalar frå fylkesårsmøtet
Lagt fram av Steffen Stråtveit

20 Helene Stråtveit, Bordalen 4H: Ta ein språkvask før den blir publisert. Tusen takk til fylkesstyret for godt initiativ.

Sak 18. Val
Lagt fram av Jostein Ljones

154 Vinjar Vrålstad-Hole, Vennskapsporten 4H: Hjalmar og Agathe er søsken, er det greitt?

40 Elisabeth Haagensen, valnemnda: Vurdert problemstillinga. Det står ingenting i vedtektene om dette. Meinar dei er gode kandidatar. Må gjerne koma med andre forslag.

160 Synnøve Stokken, Øvrebygda 4H: Opplysing knytt til habilitet. Eg gjer merksam på at Ida Marlen Havn, ny leiar i kontrollnemnda, er tanta mi.

Skriftleg val av leiar

- Synne Røthe Sandal 50 stemmar, 5 blank

Skriftleg val av styremedlem, økonomi for 2 år

- Janniche Næss Bergås 53 stemmar, 2 blanke

Skriftleg val av styremedlem, skrivar for 1 år, suppleringsval

- Marius Skar Kolås 47 stemmar, 7 blanke, 1 forkasta

Skriftleg val av styremedlem for 2 år

- Vilde Sylta Kvamme 52 stemmar, 3 blanke

Val av 3 varamedlem til fylkesstyret

- 1.vara Synnøve Stokken
- 2.vara Hjalmar Ølvestveit
- 3.vara Agate Ølvestveit

- Valt med akklamasjon

Val av ordfører og varaordfører

- Ordfører Jostein Ljones
- Varaordfører Bjørne Røthe
- Valt med akklamasjon

Val av medlem til kontrollnemnda

- Agnethe Flatnes Skarveland for 3 år

Val av medlem til valnemnda

Ansvar: Kontrollnemnda v/Elin Klette

- Nytt medlem for 3 år: Camilla Solberg
- Vara for 1 år: Lars Olavson Klette

Val av 3 utsendingar med vara til Landsmøtet

- Steffen Stråtveit
- vara Hjalmar Ølvestveit

- Vilde Sylta Kvamme
- vara Helene Stråtveit

- Janniche Næss Bergås
- vara Anita Lunde, Marås 4H

- Alle valt med akklamasjon

Leiar	Synne Røthe Sandal	Bjødabykse 4H/ H.A.N.S.A	1 år (ny)
Styremedlem - økonomi	Janniche Næss Bergås	Samhald II 4H/ H.A.N.S.A.	2 år (attval)
Styremedlem - skrivar	Marius Skar Kolås	Marås 4H	1 år (supplegingsval)

Styremedlem	Steffen Stråtveit	Bordalen 4H/ H.A.N.S.A	1 år (ikkje på val)
Styremedlem	Vilde Sylta Kvamme	Mårås 4H/ H.A.N.S.A	2 år (ny)
1. vara	Synnøve Stokken	Øvrebygda 4H	1 år (ny)
2. vara	Hjalmar Ølvestveit	Lauvsprett 4H/ H.A.N.S.A	1 år (attval)
3. vara	Agate Ølvestveit	Lauvsprett 4H	1 år (ny)
Ordfører	Jostein Ljones		1 år (attval)
Vara ordfører	Bjørne Røthe		1 år (attval)
Kontrollnemnd	Agnete Skarveland	Lid 4H	3 år (ny)
Kontrollnemnd	Martha Gjerald	Bordalen 4H/ H.A.N.S.A	2 år (ikkje på val)
Kontrollnemnd	Ida Marlen Havn	Øvrebygda 4H	1 år (ikkje på val)
Revisor	Gjermund Stuve		1 år (attval)
Vara-revisor	Lars Rydland		1 år (attval)
Representant landsmøte Vara	Steffen Stråtveit Hjalmar Ølvestveit	Bordalen 4H/ H.A.N.S.A Lauvsprett 4H/ H.A.N.S.A	
Representant landsmøte Vara	Vilde Sylta Kvamme Helene Stråtveit	Mårås 4H/ H.A.N.S.A Bordalen 4H/ H.A.N.S.A	
Representant landsmøte Vara	Janniche Næss Bergås Anita Lunde	Samhald II 4H/ H.A.N.S.A. Marås 4H/ H.A.N.S.A	
Valnemnd	June Brigitte Birkeland	Leiar 2024	Ikkje på val, 1år att
Valnemnd	Elisabeth Haagensen	Leiar 2025	Ikkje på val, 2 år att
Valnemnd	Camilla Solberg	Leiar 2026	3 år (ny)
1 vara	Lars Olavson Klette		1 år


Vedtak: Nytt fylkesstyre, ordførar, varaordførar, kontrollnemnd og valnemnd vart godkjent.

Samrøystes vedteke


Avslutning

- Info om storkurs ved Åsmund Flatnes Skarveland
- Helsing frå samarbeidspartnarar
 - Vestland Bygdekvinnelag ved Åsa Gunnarsdottir
 - Vestland Bondelag ved Guro Stuve
- Helsing frå hovudkomitéen Landsleir 2024 v/ Helene Stråtveit og Janniche Næss Bergås
- Helsing frå Molvik 4H-gard ved Leif-Helge Molvik
- Fylkesstyreleiar Sofie Ljones takka:
 - Teknisk arrangør Ivrig 4H og Hjorten 4H
 - Kursinstruktørar
 - kursadministrator Elisabeth Haagensen
 - Valnemnda
 - Kontrollnemnda
 - Årets loddseljarklubb (5000 kr til Gløgg 4H frå 4H Norge).
 - Ordførar og sekretærar
 - Fylkesstyret
 - Takk til Inger Louise Mælen frå Bjødnabykse 4H, som tok ansvar for å starte 4H-klubb i Odda.
 - Odda 4H og Ostereidet 4H som nye klubbar i 4H Hordaland
 - Molvik 4H-gard
 - Tilsette: prosjektleiar Leif- Helge Molvik, regionkoordinator Synnøve Jørgensen og organisasjonsrådgjevar Turid Sandstad Herland
- Årets klubb 2023
Sofie Ljones delte ut prisen «Årets klubb 2023» til Folgefonn 4H
- Æresdiplom
Sofie Ljones delte ut «Æresdiplom» til Helene Stråtveit


Brita Karoline Børve Ringheim (Mar 18, 2024 19:55 GMT+1)
Brita Karoline Børve Ringheim


Camilla Solberg (Mar 18, 2024 21:41 GMT+1)
Camilla Solberg.


Helene Stråtveit (Mar 18, 2024 19:44 GMT+1)
Helene Stråtveit
Skrivar


Turid Sandstad Herland
Skrivar